




FOR DEI YNGSTE BARNA



PØLSE OG LOMPE



PØLSE OG LOMPE

Hensikt

Denne aktiviteten stimulerer barna sin kinestetiske og taktile sans.

Utstyr

Teppe

Forklaring

1. Eitt barn skal vere «pølse» og legg seg oppå eit teppe.
2. Ein vaksen spør om barnet vil ha ketchup på pølsa, og stryk med fingrane frå beina til halsen på barnet om barnet svarer ja.
3. Ein vaksen spør om barnet vil ha sennep på pølsa, og prikkar med fingrane frå beina til halsen på barnet om barnet svarar ja.
4. Ein vaksen spør om barnet vil ha sprø løk på pølsa, og tar lette trykk med fingrane frå beina til halsen på barnet om barnet svarar ja.
5. Den vaksne ruller barnet inn i teppet og ferdigstiller pølsa i lompa.